

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6. Vest Agder Fylke:
 Tilleggsspørsmål nr. Fjotlands Herad:
 Emne: Folkelege Eftessto' l Bygdela g:
 musikkinstrument.
 Oppskr. av: Gr no 25 br no 4 Gard: Eftestol.
 (adresse): G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg sender med ei oppskrift yver dei Langspil som her finst i Bygdi.

Eg hev eit, og det kan eg senda.

DET er arbeit av min Besstefar. Torgrim Olson Knaben. Fjotland. Ar 1817.

Det er arbeit av eit furetre som som stod med Djorlo fossen i Knabedalen. det maatte staa paa ein slig stad naar det skulle laata gott Saa var den gamle trua.

Saa er der eit Langspil og ei gamal Fele paa Haaland i Fjotland og arbeidt av Guttorm Person Eftestøl.

DETe er Per. og Tor Haaland som eier disse. Eg vil tru at dei ogsaa laaner dei utt.

Av Blaase enstrumenter er her ikkje att noko av dei gamle Dei som var brukt og kjent her i Bygden var Langeluren. og Bukkehornet .og endel Piprær. og fløiter baade av tre og Bork ogsaa Blekpiper .men disse var helst kjøpte fraa byen

Langspilet.

DET var bruka slik at ein skar ei flis av stivt tre og skar denne tynd, saa ho vart Fjoren og spretta med denne, Ein bruka ikkje Boge

Det var helst særskjilde Slaattar som var bruka til Langspilet. Det var Kvinnernr som spila paa Langspil, og karan paa Fela.

Eg hev spila baad Langspil og Fela. og var det tvo som var flinke til aa spila saman vardet ein saers fin Musik. Det var helst Halling. Ganger som var spila, og storluttan av desse var der Tegst til. Her eit Domee.

+ Det stend ikkje paa, dei Strandegutan det meiner eg, Dei kjæeme nok heim til Joletia, det tenkjer eg.

~ Det stend ikkje pss dei Strande gutan det meiner Eg. For Jenta hosite i sonda bua, ho ventar meg. Skjild laget vera riktig gjilt i gamle dagar saa maatte Langspilet brukast.

~~Blæse~~ ^{E x} Enstrumenter

Blaase Enstrumenter.

Langeluren var mykje bruka i gamle dagar, det var helst dei som var gjætar som bruka desse, Dei var gode til aa skraa Udyre med. Og kom ein opp paa høge fjell, kunne ein høira dei lange leid.

Dei var arbeidt baade av bork og av tre,

Av bork bruka ein raunne borkken. Ein sksr ein stake

paa ikring ein meter lang, og skar borken igjonom

iskraa, slikk at den kunde flettast av heil og

vindast isamaa ett. med ein liten omskj~~it~~ it. ein tokk

saa aa smurde kjære yveer og røirte tunn næver

yver det heile og surra det got til.

Lanegeluren.

Mundstykket var laga fast, Men dret kunde ogsaa henda at ikkje disse var gode, saa varder laga eit laust mundstykkje og det var ikkje skaare i skras med flis som funga, men skaaret tvert yver.

Eg husskar min Far arbeide ein, daa eg var liten, Men den var arbeit av bjorketra. delt i tvo og uthole og sett saman att, med aa brae bikk i skjotan saa den var tett. siden var han røird med ^{tøgger} ~~tegger~~ ~~xxxxxxx~~ Det var nogen fine røter som veks ut i fræe smaa bjørkerøter.

Bukkehornet

Bukkehornet var mykje bruka av dei som gjæte Mange var reine meistare. det var som regel ^{fire} ~~xx~~ x fingreholer og opp til 7. Det var fint aa høira naar gjæetaren stod paa fjellet og blaastes sine kjende Juring sulla.

Eg bles ikkje berre juring sullar men ogsaa Salme melodiar, og folkevise melodier og Marsar.

Eg gjæte i 9 aar saaeg ha god tid til aa læra.

Piper.

Blekpiarne var dei besste til aa blaase mange slag musik stykke paa. Men desse var kjøpte.

Saa arbeide me nokon Piper av bein det var helst

Legbeine aat smaa krøture me bruka til desse Dei ha ein kvass ljud, og likne mest paa Floite Der var ogsaa 3 og 4 fingreholer.

Piper var ogsaa arbeit av tre, Dei var bora i gjonom, og hadde ein særs mjuk og fin ljud.

Men kunne ikkje høirast saa langt som Bukkehorn og Langeluren.

Stutehorn.

Disse var ogsaa mykje bruka av dei som gjæe dei lett svæ rt hogt, og kunne hoirast mest like saa langt som Langeluren. Munstykket var skore tvæert av, og utan tunge, og var laga fast.

Floite

Var mykje bruka, og er det ennaa, dei lagast helst av seljerynnengar, ogsaa av raunn.

Desse er saa væel kjende at mest alle paa landet kan laga dei.

Gjeite skræ lle.

Desse skræ lle var arbeit fyrst av ei Grind, som var ikring 15 x 20cm, I den eine siden var der fesstet en rund bolt som etter lengden var skoret djupe rifter. og med eit lite handtsk paa Utsida av grinden. 10a2. spilar var sett gjennom Grinden mot bolten. Ein holt fast i hantaket og svinga grinda rundt med god fart, og det gav ein skræ melig ljud. Gjeita var styggelig ræd denne, og Hessten ogsaa.

Av dei nyare enstrument baade Dragspil og Giutar, Mandelin, og Harpeleik er av dei nyare spil som vert mest bruka paa reg elijose møter og av Enisse rar.

Naa skal eg roina etter, om her kan vera nokon gamle enstrument i bygd. saa skal eg melda dette til dykk. Likeeins skal eg skrivsa til Per og Tor Haaland om aa faa lov aasenda dei gamle Enstrumente deira, Der maatte eg faa til ein Kasse og faa sent dei saman med mine.

Vyrdsamt Guttorm Eftestød. Fjotland.

4/12 1947.

Hus Ørgei.

Lensmann Sigbj. Spillebrok hev eit gamalt hus
Orgel som er yver hundrad aar.gl.og er arbeid t
i Spillebrok av bror til ~~hans~~ Besstefar hans.

Aenen Aslagson Spillebrok.Han var ogsaa Bror
til min Besstemor.Fleire av denne ~~sette~~ var sær
henduge og flinke folk.ogsaa i bokvegen.

Det spilles ogsaa med tal,og tabeller, som var
den eldate maate at spille Salmodikon paa.

Min Far arbeide seg ogsaa Salm odikun med ta-
beller og tall.som han spila paa.

Men disse er desverre ikkje opbevart.

Munharper.

Var mykje bruka i gamle dagar, helst ~~og~~ for _
med krok.Dei var baadr laga heime og kjøpte
FRAA Byen.

Eg skal skriva til Lensmanden og høira aqa
faa Orgelet sent.

Vyrdsamt

Guttorm Eftestøl.

Arbeidskule lærar h. v

87aar.g.l .

Adressa er Herr Lensmann Sigbj. Spillebrok
Fjotland.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY